

Fellesforbundet

	Vår dato	Vår referanse
	03012008	2007/02351-2/601.4
Vår saksbehandler	Deres dato	Deres referanse
Norvald Mo, tlf. +47 23063168	03102007	

Det Kongelige Kommunal- og regionaldepartement
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Høring av forslag til endringar i kommuneloven og forvaltningsloven om rolleklarheit mv. i kommunesektoren

Vi syner til brev frå Kommunal- og regionaldepartementet av 3. oktober 2007 om endringar i kommuneloven og forvaltningsloven når det gjeld etikk, eigenkontroll, habilitet, korrupsjon m.v.

Fellesforbundet har med nokre få unntak ikkje medlemmer i kommunal sektor, og vi har derfor også liten erfaring med mange av dei problemstillingane som blir tatt opp i den utredninga som er sendt på høyring. Generelt er vi svært nøgde med det fokus som utredninga omfattar, og meiner det er svært viktig også i kommunal sektor å arbeida med spørsmål som har med etikk og kontroll å gjera.

Vi er grunnleggjande einige i det som står i utgreiinga om at "god etisk praksis i kommunal virksomhet er kommunenes eget ansvar", men at "gjennom hensiktsmessig regelverk kan staten legge til rette for etisk forsvarlig praksis i kommunal virksomhet". Slik vi oppfattar dette er det eit statleg ansvar å førebyggja ulovlegheiter, men at det likevel til sjuande og sist er kommunane sitt ansvar.

Kommunesektoren forvaltar ein stor del av norsk økonomi. Mykje av kommunesektorens økonomi berører privat sektor ved at kommunane er store innkjøparar og investorar. Mange milliardar kroner kvart år går frå kommunal til privat sektor. Slik må det også vera. Kommunane kan ikkje sjølve produsera eller utføra alt det kommunane treng. I dette skjeringspunktet mellom kommunal og privat økonomi kan det skapast rom for dei som vil utnytta systema. Enten ved at private skaffar seg fordeler ved å utnytta sin posisjon som leverandør, eller at tilsette i kommunal sektor utnytter sin posisjon som tilbydar. Her det viktig å ha gode system for å hindra at slikt oppstår, og å ha gode kontroll- og sanksjonsmekanismer for å avdekka og straffa ulovlegheiter.

Bygge- og anleggsnæringa er ein stor leverandør til kommunal sektor. Fellesforbundet er oppteken av ein seriøs bygge- og anleggssektor. Her kan kommunane bidra. Stortinget har nyleg vedteke at ILO-konvensjon 94 skal gjelda også for kommunal sektor. Etter vårt syn er dette eit viktig tiltak for å fremja seriøse leverandørar. Vi meiner vidare at kommunane kan sørgja for å få seriøse leverandørar gjennom å leggja til rette for at dei som satsar på høg standard på helse-, miljø og tryggleik og dei som satsar på fag- og yrkesopplæring er dei som kjem i posisjon om å konkurrera om tilboda. Vi viser også her til ordninga med StartBank under prosjektet "Seriøsitet i byggenæringen". Vi meiner at eit viktig bidrag for meir lovlidige forhold i byggebransjen vil vera at kommunane berre vel ut leverandørar som er registrerte i StartBank.

Kommunane har også eit stor byggherreansvar. Det er viktig at kommunane blir meir profesjonelle byggherrar og opparbeider seg ekspertise på det å vera ein god og krevjande byggherre. Her har også kommunane mykje økonomisk å tena på at dei som leverer til kommunane er gode på det dei leverer. Kommunesektoren burde i større grad enn i dag hausta erfaringar frå gode leverandørar, læra av feil som

Postadresse/Besøksadresse	Telefon	Telefaks	Foretaksregisteret
Lilletorget 1	23 06 31 00	23 06 31 01	950956828
0184 Oslo		Bankkonto	Hovedkontoradresse
E-postadresse		9001 07 02673	Lilletorget 1
Fellesforbundet@fellesforbundet.no	WWW : www.fellesforbundet.no		0184 Oslo

Vår dato
03012008


Vår referanse
2007/02351-
2/601.4

oppstår og utvikla samarbeidsarenaer mellom kommunal sektor og seriøse leverandørar.

Vi kan ikkje sjå at desse problemstillingane vi har tatt opp her i veldig grad er omfatta av utgreiinga og ber om at dette blir tatt med i det vidare arbeidet med desse viktige spørsmåla.

Med venleg helsing

Fellesforbundet



Arve Bakke
forbundsleiar



Norvald Mo
norvald.mo@fellesforbundet.no